

1

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata2,
6002 ÅLESUND

Vert sendt: firmapost@k-p.no

KOMMENTAR/MERKNAD TIL PLANARBEID BS22 – SYKKYLVEN SENTRUM

I samband med oppstart av privat detaljregulering for gnr. 14, bnr. 467 og 609 med fleire i Sykkylven kommune, har Sykkylven Handelsforening ein kommentar og merknad til planen.

Sykkylven Handelsforening som har stått som arrangør av Sykkylvsdagane sidan 1981, har dei siste åra nytta B.S. Aure AS sin eigedom i Haugbukta til tivoliområde, og resten av «godterminaltomta» og noverande Rema-tomt til ulike aktivitetar som salsboder, utstillingsområde til bilar, bubilar o.l. Området ved Kaitrappa har også vore nytta til konsertar.

Då vi ikkje lenger kan bruke tomta til B.S. Aure AS som i desse dagar vert utbygd til Spar-butikk og leilegheiter, er det no avgjerande at det på resten av området, nordover frå Haugbukta vert regulert inn eit aktivitetsområde som i framtida kan nyttast til alt frå konsertar, tivoli, bondens marknad, utstillingar o.l.

Vi stiller gjerne opp for nærare samtale for å diskutere bruk og funksjon av eit framtidig aktivitetsområde ved sjøfronten.

Underteikna har fått fullmakt av Sykkylven Handelsforening å arbeide vidare med denne saka då eg også er engasjert av handelsforeninga når det gjeld Sykkylvsdagane.

Sykkylven, 9.3.2022.

Med beste helsing på vegner av
Sykkylven Handelsforening

Frank Kjøde

Kyrkjeberget 3,
6230 Sykkylven

915 47 701

E-post: frank.kjode@outlook.com

Kopi: postmottak@sykkylven.kommune.no



Statens vegvesen

2

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/42972-2

Deres referanse:

Vår dato:
14.03.2022

Uttale til varsel om oppstart detaljregulering – Gnr. 14 bnr. 467 og 609 m.fl Sykkylven sentrum i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 02.03.2022.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for butikk og kommunalt areal.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Statens vegvesens innspill til planarbeidet

Så lenge planleggingen skjer i samsvar med områdeplan for Sykkylven sentrum, har vi ingen merknader til at det startes planlegging innenfor dette området.

Utbygging i området vil føre til økt aktivitet og ferdsel av mange trafikanter over og vest for fv. 60. Vi ser det som viktig at de sikkerhetsmessige forholdene langs fylkesvegen

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



1 1 0 0 0 0

252041.533.00175120-16506-4241-8088-8878118e1dfe3

gjennomgå i planarbeidet, og at eventuelle avbøtende tiltak sikres samtidighet i planbestemmelsene, jf. plan- og bygningsloven § 12-7 pkt. 10.

Konklusjon

Vi viser til overnevnte innspill og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN

Til

Dato 16.03.2022

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 Ålesund.

Kommentar/Merknad til planarbeid:

Viser til deres annonse med kunngjøring i avisen Nyss 02.03.2022 om privat detaljregulering på vegne av grunneiere for Gnr.14 , flere Bnr. i Sykkylven Kommune. Ifølge Statens Kartverk (Kartverket) sine opplysninger/kart er det flere eldre private eiendommer registrert på det gjeldende planområdet.

Hvilke Bnr./grunneiere opererer planansvarlig Kibsgaard-Petersen AS på vegne av?

Hvem av grunneierene/ personer med eierinteresser i disse private eiendommene har blitt skriftlig kontaktet av planansvarlig (Kibsgaard-Petersen AS) i forkant av kunngjøringen den 02.03.2022, slik plan og bygningsloven krever?

Det forventes av planansvarlig at de opptrer i henhold til norsk lov og respekterer private grunneiere sine lovmessige rettigheter i henhold til loven.

Det bes om at planansvarlige Kibsgaard-Petersen AS gir grunneierene/ personer med eierinteresser løpende orientering om prossessen knyttet til planarbeidet.

Med hilsen

Nils-A.Klock

Borgundvegen 300

6008 Ålesund.

Eierinteresse i Gnr. 14/Bnr.74

16.03.2022



KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Vår dato: 17.03.2022

Vår ref.: 202204963-2 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Saksbehandler: Ole-Jakob Sande
22 95 95 45/ojs@nve.no

NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for BS22 - Gnr. 14 bnr. 467 m.fl. - Sykkylven sentrum i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 02.03.2022. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Gnr. 14 bnr. 467 m.fl. i Sykkylven kommune. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av dagligvarebutikk i sør og videreutvikling av kommunalt areal på den nordlige delen av området.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

NVEs konkrete innspill

Grunnforhold

Planområdet ligger under marin grense og NGUs løsmassekart viser elveavsetninger. Under disse avsetningene kan det være marin leire, jf. aktsomhetskart i [NVE Atlas](#). I avsetninger med marin leire kan det være kvikkleire eller sprøbruddmateriale som kan forårsake skred.

I regi av NVE er det gjennomført kartlegging av fare for store kvikkleireskred i Sykkylven kommune. NVE rapport [66/2019](#) er tilgjengelig på NVEs nettsider. Resultat fra kartleggingen er tilgjengelig i en egen [kartløsning](#) i tillegg til at omriss av kartleggingsområdet er vist i NVE Atlas. Områda som er vurdert med fare eller mulig fare kan lastes ned for import til egne kartsystem. I rapportens kapittel 7 er det gitt anbefalinger for oppfølging i plan- og byggesaksarbeid.



Innenfor skissert planområde er det kartfesta areal som aktsomhetsområde for områdeskred av kvikkleire, samt aktsomhetsområde for marin leire. Planområdet omfatter også strandlinje.

Fare for områdeskred av kvikkleire må være et tema i Risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS). NVE anbefaler at prosedyren i NVE veileder [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) blir benyttet så langt som nødvendig for å avklare skredfaren. Utbygging og inngrep i strandsona alltid utredes med hensyn til stabile grunnforhold, og vi viser til veileder 1/2019 kapittel 2.8 for mer informasjon.

Flodbølge som sekundær virkning av fjellskred

Planområdet ligger innenfor område som kan være utsatt for flodbølge som sekundær virkning av fjellskred fra Åkneset i Stranda kommune. I arbeidet med ROS-analysen må det gjøres vurderinger av hvordan denne faren påvirker planlagte tiltak i planområdet. Område utsatt for fare bør vises med hensynssone *Skredfare H310* med tilhørende bestemmelser som gir tilstrekkelig sikkerhet før utbygging.

Overvann

Mer utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vann på terrengoverflata (overvann). En slik økning kan i verste fall føre til flom i utbyggingsområde og i vassdraga. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan være til hinder for avrenning ovenfra, som igjen kan føre til skader på bygninger og/eller lede overvannet til uønskede steder.

NVE anbefaler å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å håndtere nedbør og overvann, hovedsakelig på overflata. Et viktig prinsipp er å sikre en så «naturlig» overvannshåndtering som mulig. Åpne løsninger er bedre enn lukka løsninger. Dere må også avklare og ta hensyn til effekt av klimaendringene på avrenninga.

Dere bør kartlegge eksisterende avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og fordrøyning av overvann innenfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårlig, anbefaler vi at tiltaka blir innarbeidet i plankartet og bestemmelsene. Fremtidige flomveier for trygg avledning av overvann bør vises i plankartet og sikres tilstrekkelig kapasitet.

Generelle råd

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre [internettsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at



disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

KIBSGAARD-PETERSEN AS

Kopimottakerliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
SYKKYLVEN KOMMUNE



Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 Ålesund

Sykkylven, 23.03.2022
Vår ref: PMD
Arkivnr:

Ledningsanlegg i reguleringsområde BS22.


Viser til varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, område BS22. Sykkylven Energi AS bygg og drifter kommunale vatn og avløpsanlegg. Vi ser at skissert plassering av nytt bygg etter kommunestyrevedtak 14.02.22 vil få konsekvensar for eksisterande og planlagde kommunale vass- og avløpsanlegg i området. Sjå vedlagte kartutsnitt.

Vi vil derfor gjere merksame på følgjande :

- Det er i tilknytning til avløpspumpestasjon fleire kommunale ledningar og kummar plassert innanfor areal der nytt bygg er skissert, samt sørover langs FV. Enkelte av ledningane kan i praksis ikkje flyttast. Det må også vere tilstrekkeleg avstand til nytt bygg slik at vi kan kome til leidningsanlegga for vedlikehald og reparasjonar.
- Det er planlagt ei ny vassledning frå kum ved pumpestasjon og mot sør over BS22. Dette er for å sikre vassforsyninga til BUAS og samtidig nødvendig sløkkevatn i området.


Ber om at punkta ovanfor vert teke omsyn til i planlegginga.

Med helsing



Per Magne Drotninghaug
Sykkylven Energi AS

Vedlegg: Oversiktskart over ledningsnett



Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 Ålesund
firmapost@k-p.no

Sykkylven 27.03.2022

Kommentar/merknad til detaljreguleringsplan for Gnr 14 Bnr 467 og 609 med fleire i Sykkylven kommune. BS 22 M.FL, Sykkylven sentrum

Kommunen har avklart og gitt privat initiativtaker tildelt tomt. Generelt sett bør ein passe på at mest mogleg av området er til fellesskapets beste, både i dag og i framtida.

Høgde

Slik området er regulert i dag, kan det i framtida medføre eit bygg på opp til 40 x 15 meter rett inntil vegen. Dette vil stenge kontakta med sjøen og heilheta mot kvadraturen vil endre seg. Kommunen si gjenståande tomt mot nord vil verte kraftig forringa i verdi med tanke på sol og lysforhold og mogleg mindre attraktiv som utviklingsområde som er under planlegging. Tilrår til at kommunen omregulerer innteikna butikk til maks høgde = butikkhøgde for å unngå ei slik uheldig problemstilling i framtida.

Veg

Det er regulert inn ein einvegskjørt veg langs strandsona. Skal sjøsida vere eit attraktivt natur, sjø- og friareal for folket bør området her haldast 100% fri for bilar. Kvalitetene for friareal forsvinn med innteikna veg. Her bør det kun vere sjøpromenade/ gangveg/kyststi. Vi er i 2022 og ein bør vise hensyn til miljø jmf. byutvikling i for eks, Oslo der dei har jobba mot å knytte byen nærmare fjorden, der gangveg og tilkomst til fjorden for folket går foran bilveg.

Måser

Utbygger bør ha ein plan for å unngå etablering av måsekoloni på flatt tak - måsar er eit stort problem for bebuarar og besøkande i Sykkylven sentrum idag.

Lyd

Lydnivå må vere innan krav til støy og tiltak må gjerast for å unngå maksgrense for støy.

Grønt

Eksisterande grøntareal og tre mot hovedvegen bør behaldast i størst mogleg grad, både med hensyn til miljøet dette skapar, men også tre mot vegen som mogleg støyreducerande tiltak.

Utfylling mot sjøen

Eit kaiområde gir tilleggsverdi til ei tomt og moglegheiter for vidare utvikling med tanke på badeliv/stupetårn, sauna, båtar som kan legge til kai, brygge for fiske etc. Ei vidare utfylling av sjøen her, vil kun medføre nok ei steinfylling mot fjorden. Desse utfylte områda er ikkje så attraktive for innbyggjarane å oppholde seg på/ved og det eksisterer idag mange slike utfylte område langs fjorden som gir lite meirverdi for innbyggjarane. Gamlekaia bør behaldast og sjåast på som eit utviklingspotensiale.

Parkering

Det bør leggest inn max- krav til parkering og ikkje minimumskrav for å møte framtidige behov, då det er vanskeleg å tilføre parkeringsareal i ettertid.

Uteområde

Det bør settast krav til at kvalifisert landskapsarkitekt skal lage plan for resterande uteområde og at dette ferdigstillast innan butikk kan takast i bruk, eller i same tidsrom. Siktlinjer må ivaretas. Uteområde bør opparbeidast med høg kvalitet og gi tilbod til alle aldersgrupper (!) Det bør leggest til rette for tilgang til fjorden med promenade, gangveg, breie trapper, benker, etc. Det bør vere nedgravde løysningar for renovasjon skal området kunne haldast ryddig.

Vi set lit til at kommunen og privat initiativtaker utviklar området i tråd med tida vi lev i med tanke på bulyst, trivsel, miljø og til fellesskapets beste.

Mvh
Kari Line Hovet
Damian Cruz

Sentrumsnaboar til Sjøfront

Sykkylven, 28.mars 2022

v/ Oddbjørn og Synnøve Ramstad

Kibsgaard-Petersen AS

Sykkylven Kommune

Referanse: Plan ID 15282021003, pkt. 7 i Planinitiativ

Innspel til Planarbeidet Sjøfront BS22:

Det kan ikkje byggjast meir enn maksimalt ein (1) etasje på Sjøfront-tomta

Sak

Områdeplanen for Aure sentrum ligg til grunn for regulering av BS22/Sjøfront-tomta. Dette inneber at det gis moglegheit for å bygge i 4 etasjers høgde på tomta (maksimal mønehøgde 15m). Dette vert stadfesta i utsendt notat fra Kibsgaard-Petersen (02.03.22) og møtereferat frå Sykkylven kommune (24.02.22). Videre kan vi lese at fotavtrykket til den tenkte Rema-butikken blir 24*40m pluss varemottak, og at det innstilles på at langsida av butikken skal ligge mot veien. Både REN Sykkylven AS og Sykkylven kommune vil med denne reguleringa kunne byggje høgare enn ein etasje no eller ved seinare høve.



Konsekvensar



- **Brudd mellom sjø og sentrum:** Forbindelsen mellom sjø og sentrum vil i stor grad blokkerast av ein 40 meter brei og 15 meter høg vegg (Sjå illustrasjon under). Ein stor kloss midt på området vil øydelegge inntrykket for heile området. Bruddet vil også skapast med bygg som er to eller tre etasjar.
- **Ytterligere areal vil gå vekk:** Ved offentlig tjenesteyting og/eller bolig vil enda større areal måtte settast av til parkering og vei. Moglegvis kan ytterligare areal måtte settast av som bruksareal (leikeplass) om det blir bygd leiligheter. Dermed blir det enda mindre areal igjen til felles rekreasjonsområde.
- **Skygge mot nord:** Eit bygg av dette formatet vil kaste skygge mot nord og redusere brukskvaliteten der.
- **Vei langs strandsona og tilhøyrande friområde** vil medføre mykje trafikk og stele areal fra rekreasjonsområdet.

Illustrasjon

Skissene gir et inntrykk av effekten et 40*24*15m bygg vil ha mot sentrum, forbipasserande og resten av kaia. Grunnlaget er henta fra saksdokument der Rema-butikk er skissa inn. Størrelsesforhold og plassering er gitt og antatt riktig. Det ligg informasjon om at bygget skal flyttast

nokre få meter mot nord, men høgdeinnttrykket blir det samme. Bygget er teikna over dagens bakkeplan fordi grunnen skal hevast til kote 3.





Innspel til planarbeidet

1. Det kan ikkje byggjast meir enn maksimalt ein (1) etasje på Sjøfront-tomta (BS22). Dette må tydelig skrivast inn som ei forutsetning i detaljreguleringsplanen.
2. Vidare må vegen mot strandsona ut av planen.

Argumentet med at det er områdeplanen for sentrum som gjeld for BS22 kan ikkje brukast på sjøfront-tomta. Dette området er skilt frå sentrum av fylkesveien og det er ikkje et mål å videreføre kvadraturstrukturen der.

Sjøfronten er ei av Sykkylvens mest attraktive tomter, og bør kome folk flest til gode ved å ha eit godt rekreasjonsområde lett tilgjengelig. Om det skulle kome ein Rema-butikk (pkt.1 i «Bakgrunn for å starte opp planarbeidet» den 24.februar 2022) vil det fortsatt vere mogleg å få til eit godt område, men bygget kan ikkje ver meir enn ein etasje. Her må Sykkylven kommune tenke i et 100-års perspektiv og ikkje falle for fristelsen og benytte indrefiletten av tomteareal til offentlig tjenesteyting og/eller bustadar.

Venleg helsing,

Oddvar Ramstad

Synneire Ramstad

Ragnhild Horv

Håvard Elias Horv

Stein Aune

Björg D. Kittang

Olav Kittang

Merete Hove

Syv Anne

29.03.2022

KIBSGAARD – PETERSEN AS

GRIMMERGATA 2

6002 ÅLESUND

FIRMAPOST@K-P.NO

Innspel detaljreguleringsplan BS22, Sykkylven Sentrum.

Vedtak

14.02.2022 vedtok Sykkylven kommunestyre at alternativ «sør parallell butikk» skal leggest til grunn for videre forhandlinger og detaljplanlegging av kaiområdet.

Dette vedtaket gir vel rom for kommunen å legge føringer i denne saka?

Eg vil påpeike at å legge bygget heilt opp til hovudvegen, fjerne grøntareal og flott beplantning er eit stort inngrep. Det forringer ramma rundt sentrum.

Planinitiativ frå Plankonsulenten (Kibsgaard – Peterson AS) og forslagstillar (REN Sykkylven, Magne Jan Vik, Sykkylven kommune).

Punkt 7.

Gjer greie for ubbyggingsvolum og bygghøgder.

Stikkord: Høgder (grad for utnytting).

Områdeplanen legger til rette for bygg på inntil 4. etasjer med maks gesimshøgde 13,5m og maks mønehøgde 15m. Dersom dette fortsatt skal gjelde kan vi risikere eit bygg som er 40m langt og 15m høgt på dette arealet. Her må kommunen passe på å gjere dei nødvendige vedtak for å forhindre ei slik maks utnytting av arealet. Jmf utsikt, sol, luft og trivsel for dei som bor i området. Høgda på butikken må vere det som er nødvendig for deira drift.

Punkt 14.

Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutredninger og hvordan kravene i tilfelle vil kunne bli ivaretatt.

Svar frå plankonsulent og forslagstillar : Dette er avklart i overordna plan.

Etter vår vurdering er planen ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutredning.

1. KVA MEINER POLITIKARANE OM DETTE?
2. Eit slikt viktig område for alle i bygda skal ikkje konsekvensutgreiast?
3. Kva er grunnen til at det ikkje skal konsekvensutgreiast?

Konsekvensutgreiing

Høgde på bygg – uklart.

Plassering av butikk – nær hovudveg, øydelegg beplanting, trafikkssikkerheit mjuke trafikkantar, gangfelt.

Einvegskøyrd veg ved sjøen – øydelegg for miljø. Samt fri og trygg ferdsel til evig tid. Vegen vil dele av området og skape mykje gjennomkjøring. Støy heile døgnet.

Parkområdet – torgplass, salgs plass og område for større arrangement blir øydelagt av ein bilveg gjennom området.

Alle desse konsekvensane + mange fleire må vurderast nøye av dei som gjer vedtak. Dette er viktig for sentrum.

Ragnhild Hovet
Ragnhild Hovet

Elias Vinje Eigedom AS

Kyrkjevegen 33

6230 Sykkylven

Oddrun Kvammen

Fra: Egil Giørtz <Egil.Giortz@ASKO.no>
Sendt: 29. mars 2022 18:43
Til: Firmapost
Kopi: Svein Aure; 'ragnhild.hovet@gmail.com'; Albert Aarøe
Emne: Innspill detaljreguleringsplan BS22, Sykkylven Sentrum

Heil

Viser til mottatte oppstartsvarsel.

Nedenfor følger innspill på vegne av Haugbukta AS

Innspill til Oppstart av Detaljreguleringsplan for Gnr 14 Bnr 167 og 609 Sykkylven kommune

Haugbukta AS er i gang med å bygge et bolig- og næringsbygg på naboeiendommen.
Vi har følgende innspill:

Innkjørsel – dette prosjektet vil, sammen med vårt prosjekt, resultere i betydelig økt trafikk i området. For å redusere belastninger ber vi om at innkjørsel til parkeringsplass blir plasser lengst mulig unna rundkjøringen.

Sjøfront – i forbindelse med utbygging av vårt prosjekt har vi fått krav til opparbeidelse av sjøfronten slik at denne blir tilgjengelig for alle. Det er viktig at hele sjøfronten blir tilgjengelig for alle. En veg vil dele av området og bør derfor fjernes og erstattes av en gangveg fra sandvolleybanen til vårt prosjekt. Mellom gangvegen og sjøen bør det opparbeides et rekreasjonsområde som er tilgjengelig for alle. Videre bør det legges inn, på lik linje som vårt prosjekt, krav til at dette opparbeides samtidig som dette prosjektet.
Rekkefølgebestemmelse vi har i vårt prosjekt, og som kommer dette prosjektet til gode, bør kostnadsfordeles mellom prosjektene.

Krav til arkitektur – Det bør stilles krav til byggets utforming og arkitektur slik at det utfyller området.

Med vennlig hilsen
Egil Giørtz

T: +47 70 19 81 00, **M:** +47 905 57 648

E: egil.giortz@asko.no



H. I. GIØRTZ SØNNER AS,
Sjukenesstranda 100, 6037 Eldsnes
www.higiertz.no



En del av din hverdag

This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.



10

Møre og Romsdal
fylkeskommuneKIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	02.03.2022	37542/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	01.04.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av daglegvarebutikk - gbnr 14/467 - Sykkylven sentrum - fråsegn ved oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Saka gjeld oppstart av detaljregulering for gbnr. 14/467 m.fl. i Sykkylven kommune. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk i sør og vidareutvikling av kommunalt areal på den nordlege delen av området.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Godkjent områderegulering viser sentrumsområde på begge sider av vegen, med fortausløyising som i ein gate-/bystruktur. Utfordringar knytt til Fv. 60 har dermed vore drøfta tidlegare, men det er sjølvstendig behov for å vere meir konkret no når detaljregulering skal gjennomførast.

Tettstadutvikling


Etter det vi erfarer, er det gjort eit grundig arbeid med å utgreie moglegheitene for bruk av tomta, og Sykkylven kommune skal ha ros dette. Om det var daglegvarehandel som var rett program for denne tomta kan ein sjølvstendig diskutere, men det som er viktigare, er at strukturen som blir etablert for området står seg over tid. Det oppfattar vi at han vil gjere.

I løysinga som kommunestyret har valt, blir hamnevandringa og landskapsrommet mot fjorden halde samanhengande. Dette meiner vi er svært positivt, og ein viktig kvalitet som også Sykkylven sine innbyggjarar har vist stor omtanke for (t.d gjennom etablering av kaitrappa).

All erfaring tilseier at tilgang til fjord/sjø i sentrumsområda har høg attraksjonsverdi. Dette første prosjektet vil legge premissane for det som skjer vidare på området. Eit av dei store spørsmåla vil vere kva konsept ein vel for å knyte saman fjorden og dette nye området med eksisterande sentrum for mjuke trafikantar, jamfør områdereguleringa. Aksen frå Bankplassen er sentral her (omtalt under kulturminne frå nyare tid, sjå illustrasjon).

Ei god utforming av elementa i siktaksen frå Bankplassen og ut fjorden blir viktig for å binde det nye sentrumsområdet godt saman med eksisterande sentrum, slik at det blir attraktivt, leittvint og trygt å ferdast for mjuke trafikantar. Skissa nedanfor viser ei stipla, oransje linje i denne aksen. Linja har ein knekk og held seg etter det vi kan sjå etter eksisterande kryssingsfelt, og endar i ein tenkt inngang.

Vi vil gjerne peike på at denne aksen ikkje berre bør løyse korleis mjuke trafikantar kjem seg til inngangen på ny daglegvarebutikk, men også ned til hamnevandringa. Vi viser elles til merknadar om kulturminne frå nyare tid.



Konkrete planar om ny daglegvarebutikken har utløyyst detaljreguleringa. Butikken er tenkt lagt inntil fylkesvegen (og fortau). Dette vil medverke til at fylkesvegen får meir karakter av å vere ei gate, i samsvar med intensjonane i områdereguleringa. Dette er positivt også ved at bygningen medverkar til eit (by)rom, og ein større grad av urban

struktur. Ved å bygge inntil fylkesvegen i retning mot eksisterande bystruktur, bidreg ein til å knyte ny aktivitet, og sjøsida, tett saman med eksisterande sentrumsstruktur. Dette vil ein ikkje oppnå gjennom å plassere bygningen elngjer unna vegen. Ein naturleg følge er å legge eventuell ny bebyggelse på kommunal tomt i same veggliv når/om den tid kjem. Plasseringa av dette bygget legg dermed premissar for det som kan kome i framtida.

Samferdsel

Arealformål i planområdet

Varsel om oppstart opplyser om at formålet med detaljreguleringa er etablering av daglegvarebutikk i sør. Det blir opplyst om at det også blir lagt til rette for vidareutvikling av kommunalt areal på nordleg del av området og vidareføring av gangforbindelse langs sjøen mot Aureelva. Fylkeskommunen vil gi ytterlegare merknadar knytt til samferdsel når vi mottar meir detaljerte løysingar angående dei to siste tiltaka nemnd over.

Fylkesveg 60 i dag

Fylkesveg 60 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk (ÅDT) 6900 sør for den sørlege rundkøyringa i planområdet, ÅDT 5700 mellom rundkøyringane, og ÅDT 6800 nord for den nordlege rundkøyringa (tal frå 2021). Fartsgrensa på strekninga mellom rundkøyringane er i dag 60 km/t. Strekninga er i *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg* kategorisert i haldningsklasse 1 – *meget streng*. Det er fleire politiregistrerte ulykker på strekninga ved planområdet.

Byggegrense, tryggleikssone og fylkeskommunen sin eigedom

Områdereguleringa fastset ikkje byggegrense mot veg. Byggegrensa er såleis 50 m etter veglova, jamfør også rammeplan nemnt ovanfor. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen, herunder støy. Støy må bli vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegnar og ev. avbøtande tiltak.

På grunn av omsyna byggegrensa skal sikre, må tiltaka i prinsippet trekkast lengst mogleg unna fylkesvegen. Byggegrensa må talfestast på kart og i føresegnene.

Dersom (delar av) fylkesvegen inngår i planområdet, må sjølve vegarealet bli regulert og vist i plankartet (ev. med senterlinje). Følgande vil gjelde for areal langs, og ved, fylkesvegen:

- Sideareal/-terreng, som Møre og Romsdal fylkeskommunen eig, skal ha formål «annan veggrunn».
- Fylkesvegen si tryggleikssone må bli vurdert i samsvar med N101 og beskrive i planomtalen, samt sikra i planforslaget. Med omsyn til trafikktryggleik og drift og vedlikehald m.m. skal fylkesvegen si tryggleikssone, jf. N101 bli regulert til «annan veggrunn».
- Det må bli satt av tilstrekkeleg areal mellom busetnad/fasade og veg-/gangenkeareal til drift- og vedlikehald av fylkesvegnettet (brøyting, handtering av vatn, kantslått m.m.).

Ein sentral del av reguleringsprosessen vil vere å avklare kva avstand som er akseptabel med tanke på byggegrense til fylkesveg, og vi ser at framlegget kan vere utfordrande med tanke på den funksjonen og statusen vegen har i dag.

Trafikktryggleik

Dei trafikale forholda og verknadene av planen må bli omtalt og drøfta, også utover sjølve planområdet (influensområdet). Dette vil til dømes gjelde trafikkauke, trafikkkløysingar både

for personbil og varetransport/-mottak, parkering, kollektivtrafikk og behov for haldeplass og ganglenkar langs fylkesvegen, samt om planforslaget vil påverke situasjonen for mjuke trafikantar og særskilt dersom det er aktuelt for skuleborn. Vurderingane må ta utgangspunkt i noverande/eksisterande situasjon, og endringar som følge av planforslaget, verknader av planforslaget og skildre aktuelle avbøtande tiltak og rekkefølgekrav.

Det må mellom anna bli sikra i planforslaget, at regulert ganglenke langs fylkesveg 60 mot planområdet blir bygd ut før det kan bli gitt mellombels bruksløyve for planen sitt formål /tiltak.

Køyretilkomst til planområdet

I planinitiativ er opplyst følgande (utdrag):

«Atkomst til planområdet vil vere frå regulerte rundkøyringar. [...] Planen vil medføre auka trafikk inn og ut av den vestre arma på rundkøyringane og fleire fotgjengarar.»

Planforslaget vil legge til rette for auka bruk av rundkøyringane mot eigedomen. Med omsyn til trafikktryggleik og trafikkflyten på, og langs, fylkesvegen vil det også her vere viktig at dei trafikale konsekvensane av planforslaget blir tilstrekkeleg utgreidd. Vi stiller i den samanheng krav om ei trafikkvurdering, samt kapasitetsberekningar i rundkøyringane. Verknadene/konsekvensane av etablering av omsøkt tiltak må kome klart fram.

I samband med auka bruk av rundkøyringane må følgande bli vurdert, beskrive og sikra i planforslaget:

- Krav om rekkefølgeføresegn for køyretilkomst dersom dette viser seg nødvendig
- Planområdet må inkludere heile køyretilkomsten sine frisktsoner, som også må ha tilstrekkelege føresegner.
- Det kan ikkje leggest til rette for tiltak, t.d. parkering m.m. innanfor rundkøyringane og gang- og sykkelvegen sine frisktsoner.


Investeringsprogram og gjennomføringsavtale

Investeringar i fylkesvegnettet følger fylkestinget sine prioriteringar i investeringsprogram for fylkesvegar (2022-2031). Investeringsprogrammet er ein plan over prioriterte fylkesvegprosjekt dei neste 10 åra. Tiltak (t.d. ganglenke) langs fv 60 ved planområdet er diverre ikkje prioritert i investeringsprogrammet, og det er ikkje sannsynleg at dette blir realisert med fylkeskommunale midlar i nær framtid.

Dersom planforslaget legg opp til løysingar der Møre og Romsdal fylkeskommune stiller eksisterande vegg grunn til disposisjon for tiltak og/eller fylkeskommunen vil være reell eigar av fylkesvegarealet etter overtaking blir det stilt krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen etter at reguleringsplanen er vedtatt.

Kulturminne frå nyare tid

Sykkylven sentrum vart gjenreist etter ein større brann i 1939 og gjenreisinga skjedde på same tid som mange andre tettstadar og byar vart bygd opp att etter andre verds- krig. Mange bygningar og byplanar fekk derfor mange like arkitektoniske trekk etter arkitekten Sverre Pedersen som stod for byplanlegging av fleire tettstadar og byar i fylket, sjølv om Sykkylven ikkje var del av "Brente steds regulering". Fellesnemnaren for Pedersen sin planlegging var å trekke landskapet inn i bykjernen via velplasserte siktaksar som ramma inn fjell og landskap. Siktaksane gav lange rette linjer i gatebildet. Sykkylven vart bygd opp kring to lange siktaksar. Den eine frå torget på Bankplassen og vest ut mot fjorden. Siktaksen frå Bankplassen var nøye plassert slik at bygningane vart ramma inn i landskapet med direkte sikt mot fjella i Sula, som eit punkt i landskapet, sjå kart og original arkitektteikning.



Utsnitt – Reguleringsplan for Aure – 1940 – Sverre Pedersen. Kjelde: NTNU UB.



Siktaksen frå gjenreisningsplana - frå Bankplassen mot Høgefjellet.

Det er viktig å bevare siktaksen frå plana til Sverre Pedersen helst i form av omsynssone C, H-570, dersom nytt planområde vil kunne ha konsekvens for denne aksen. Omsynssona bør ha føresegne som sørge for at det blir fri sikt, slik det går fram av kartet. Byggetiltak innafor aksen bør derfor ikkje overstige ei høgd på 1,5 meter over bakken, og nye tiltak langs aksen, bør forsterke siktaksen og bygge opp under koplinga mellom Bankplassen og fjorden.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadar ovanfor og ber om at dese bli vurdert i den vidare prosessen. Her er nokre konkrete punkt i saka, som er utfordrande, som kan vere motstridande, og som tør vere kjende for kommunen frå før; dette gjeld forholdet mellom fylkesvegen som trafikkåre og samanhengane i sentrumsareala på tvers av denne.

Vi er positive til at prosess med detaljregulering er igangsett, og imøteser drøftingar om dei konkrete løysingane.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandler

Tettstadutvikling: arkitekt MNAL, Ingvild Gjerset, tlf. 71 28 03 44

Samferdsel: rådgivar Ida Sigerset, tlf. 71 28 05 48

Kulturminne frå nyare tid: rådgivar Anna Eline Eneberg, tlf. 71 28 02 94

Kopi:

Sykkylven kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

NVE



KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune.

Detaljregulering - etablering av dagligvarebutikk. Eigedom 4/467 - 14/609 mfl. Fråsegn til varsel om oppstart.

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Kibsgaard-Petersen varslar på vegne av REN Sykkylven AS varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering for eigedom 14/467 og 609 med fleire i Sykkylven kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk i sør og vidareutvikling av kommunalt areal på den nordlege delen av området. I tillegg skal plana legge til rette for vidare gangveg nordover langs sjøen mot Aureelva.

Ut over daglegvarebutikk er det ikkje spesifisert om det skal leggjast til rette for anna føremål innafor delområde BS22 i områderegulering for Sykkylven sentrum. Vi les likevel av referatet at det kan vere aktuelt med regulering til bustadføremål. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Det går fram av oversendinga at det skal gjennomførast parallell handsaming av rammeløyve og reguleringsplan. Parallell handsaming inneber at søknad om rammeløyve blir kunngjort saman med oppstart av planarbeidet og leggjast ut til offentleg ettersyn saman med det utarbeida planforslaget.

Strandsone

I overordna plan er arealet mot sjø avsett til friområde. Det går også fram av oversendinga at det er planlagt gangveg langs sjøsida som skal gå vidare nordover og forbi Aureelva. Arealet langs sjøen, som ligg nært Sykkylven sentrum, har stort potensial til å bli eit attraktivt areal for ålmenta og innbyggjarane i Sykkylven. Området kan bli eit viktig supplement til sentrumsområdet

og det allereie etablerte friområdet lengst nord i planområdet. Då friområde i overordna plan er relativt smalt, rår vi kommunen til at eit større område blir avsett til grøntområde i detaljreguleringa.

I oversendingsbrevet ligg det eit kart som viser foreløpige prosjekt som reguleringsplanen tek utgangspunkt i. Her er det lagt opp til parkeringsplassar mot sjøsida. I dag er det også etablert parkeringsareal sør for eksisterande friområde. Vi rår til at kommunen finn alternativ løysing der attraktivt sentrumsnært areal ikkje blir nytta til parkering, men til eit føremål som gir Sykkylven sentrum eit løft i attraktivitet og trivsel for innbygarane.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vi ser det allereie er avdekkja fleire risiko- og sårbarheitsforhold som må følgjast opp gjennom planen. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde.

Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Vassdrag

Planområdet strekk seg nordover og forbi Aureelva. Aureelva er eit anadromt vassdrag med oppgang av både sjøaure og laks. Den truga arten elvemusling er også registrert i elva. Vi ber om at planarbeidet legg til rette for kryssing av elva som ikkje inneber inngrep i vassdraget og grip minst mogleg inn i kantsona, jf. vassressurslova § 11.

Forureining

Utfylling

Mudring, dumping og utfylling i sjø er aktivitetar som kan påverke det akvatiske miljøet.

Vi ser at arealet for friområde i områdereguleringsplanen går ut i sjø, og at det er behov for utfylling for å tilrette legge området. Det går likevel ikkje fram av oppstartsvarselet at det er planlagt utfylling.

Slik utfylling kan vere søknadspiktig etter forureiningslova. Om det er aktuelt å fylle ut areal i sjøen ber vi difor om at de tek kontakt med oss for å avklare om det krev løyve etter forureiningslova. Kontaktinformasjon til rette vedkommande står nedst i brevet.

Støy

Om ein legg til rette for bustader må støy avklarast, jamfør Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021. Vi viser til [rettleiaren M-2061 som ligg på Miljødirektoratet sine heimesider](#).

Det må i så fall utarbeidast ein detaljert støyvurdering som gir tilstrekkeleg kunnskap om støysituasjonen og synleggjer behovet for tiltak mot støy. Planområdet ligg i raud og gul støysone.

Støyutgreiinga må omfatte

- kart som viser støynivå på uteopphaldsareal etter utbygging, med og utan avbøtande tiltak
- kart eller figur som viser støynivå i relevante høgder på fasader, med og utan avbøtande tiltak
- dokumentasjon på at grenseverdiane i tabell 2 og kvalitetskriteria for støyfølsame bygningar kan tilfredsstillast

Barn og unge

Om ein legg opp til bustader er Statsforvaltaren opptatt av at det blir satt av nok eigna areal til barn og unge i nærleik av bueiningane. Vi viser her til vår rettleiar [Leikeplassar – lokalisering og utforming som er å finne på våre heimesider](#). Kapittel 3 og 4 gir råd og viser til konkrete minimumskrav til utarbeiding av reguleringsplanar og kommuneplanar.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til,

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Thomas Aurdal, tlf. 71 25 84 67

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

SYKKYLVEN KOMMUNE

NVE VEST

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Kyrkjevegen 62

Naustdalsvegen 1B

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 2500

6230

6800

2605

6404

SYKKYLVEN

FØRDE

LILLEHAMMER

MOLDE



KYSTVERKET

12

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Vår ref
2022/996-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
05/04/2022

Fråsegn til oppstart av privat detaljreguleringsplan for Gnr 14 Bnr 467 og 609 med fleire i Sykkylven sentrum - Sykkylven kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi syner til dykkar høyringsbrev av 02.03.2022 med tilhøyrande dokument vedkomande ovannemnde planarbeid.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning og dei sjøfarande. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med lov om havner og farvann. Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering



Kartutsnitt fra kommunes webkart med plangrense



Utsnitt av områdeplan Sykkylven sentrum (2016)

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

10

Planavgrensinga er vist på kartutsnittet til venstre ovanfor. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk i sør og vidareutvikling av kommunalt areal på den nordlege delen av området. Heile område BS22 og noko tilstøytande areal mot sjøen i gjeldande områdeplan vil vere en del av detaljreguleringsplanen. I tillegg ynskjer kommunen å føre vidare gangforbindelsen langs med sjøen mot Aureelva.

Reguleringa vil vere ei detaljering av sentrumsføremåla i gjeldande arealplan og vil såleis ikkje få særskilde konsekvensar for Kystverket sine installasjonar, nærliggande farlei eller andre omsyn Kystverket skal ivareta i medhald av hamne- og farvasslova. Vi har såleis ikkje særskilt merke til oppstart av planarbeidet, men vil berre nemne at det vil vere eit aktivum for Sykkylven sentrum å ivareta eksisterande kai og kaifunksjon i sjøfronten som no er regulert til friområde i gjeldande områdeplan.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens Vegvesen	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO
Statsforvalteren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE